



Trond Lekva Myklebust kan melda at isen på Fjellandsbøvatnet er 10-12 centimeter rundt 5 meter frå land. Med andre ord er det ikkje lengje før skeisesesongen kan starta. men det er viktig å sjekke tilhøva før ein satsar på sesongstart. Trond legg også til at det ligg eit tynt lag med snø oppå isen. Den skulle ha vore fjerna hvis det kjem regn på sundag.

Trond seier at is-sjekkinga kan skje med ein batteridrill.

Entusiastar med han i spissen har fått montert opp ei lysmast på stranda og den kan alle nytta.

Det som trengs er eit lite straumaggregat. Men det er viktig å leggja leidningen inn i masta etter bruk slik at den ikkje blir øydelagt av buskapen som går der oppe, påpeikar Trond.

Lyset gjer det mogeleg å ta seg ein skeisetur sjølv etterat mørket har falle på og er eit prisverdig tiltak.

Biletet i området ved masta vart teke ved middagstider i dag fredag

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen